

TEMA: Byggjeskikken ①115, Hordaland ①32
KART: ①34

Nedrevåge

OLAVSGILDET PÅ ONARHEIM

ONARHEIM var eit hovdingsete i forhistorisk tid. Garden var eit midtpunkt og ein møtestad i den vestre delen av landet vårt, vide kjend som kultstad og tingstad. Somme historikarar har meint at Onarheim var den eldste retts-staden for Gulatinget, før HÅKON DEN GODE, etter tradisjonen, let det flytta til Gulen midt på 900-talet.

Sidan mellomalderen var ONARHEIMSGILDET ein institusjon som tok vare på Onarheim sin eldgamle funksjon som religiøst, sosialt og kulturelt midtpunkt på Vestlandet. Dei lokale røtene til det kristne Onarheimsgildet var truleg dei heidne omgangsdrikkelaga, knytta til blotveitslene. Som kriste gilde går det venteleg attende til 1100-talet, knytt til heilagkongen OLAV HARALDSSON.

Onarheimsgildet samla gildebør til olsokfeiring frå det gamle Hordaland. Feiringa kunne gå over ei heil veke kring 29. juli. Det var ei viktig sosial hending for medlemmene, men religiøse seremoniar hadde ein brei plass. Elles i året hadde gildebørne plikt til å hjelpa dersom ein gildebør vart skadd av lauseld på hus eller fekk sott på buskapan. Gilde av dette slaget var regulert av egne lover. Vi kjenner tre gildelover (gildeskrå) frå mellomalderen her i landet. I alle høve den eine er frå Onarheimsgildet (s. 1).

Den økonomiske krisa i seinmellomalderen må ha sveket gildeskipnaden kraftig, og reformasjonen førte til ei definitiv avvikling. Noko før 1554 let bispem GEBLE PEDERSON føra til Bergen «en Gildestue af Bygden», til bustad for rektor på latinskulen. Det kan ha vore gildestova på Onarheim.

ONARHEIMSKYRKJA

Den gamle ONARHEIMSKYRKJA stod sentralt i festlivet og seremoniane knytte til Onarheimsgildet i mellomalderen. Truleg var ho bygd i andre halvpart av 1100-talet og skulle ha plass til folk frå store delar av vestlandskysten når gildebørne møttest.

Etter at Onarheimsgildet var avvikla, seinast midt på 1500-talet, gjekk kyrkja mot forfall. I 1820 vart den gamle steinkyrkja nedrivne. Steinen frå mellomalderkyrkja vart brukt i den nye kyrkja, som stod fram til 1894, då dagens kyrkje vart vigsla (①54).

Vågsbygdo vart hardt råka av skrede og steinsprang i tiåra kring 1700, forutan at elvane reiv med seg mykje lausmasse, både stor stein og grus. Mykje av det som kom ned frå Vågsliene, samla seg i Neravåge. Det var så ille at skaden «aldri igjen kan opprøddis heller forbedris», heitte det i 1670.



Storstova i tunet på Nedrevåge vart bygd i 1835.

NEDREVÅGE fostra ei mengd med dugande jorddyrkarar gjennom generasjonar. OLA TORBJØRNSON NEDREVÅGE (1797-1875) var den gjæveste av dei. «Neravågen» var ein storkar utan like i Tysnes. Han gjorde store pengar på notbruk og fiske og skaffa seg kapital som han investerte i ættejorda. Slik vart Nedrevåge den velstandsgarden han framleis er kjend som.

Stova i Nedrevåge, bygd i 1835, var det gjæveste av dei 14-15 husa Ola Torbjørnson etter tradisjonen skal ha bygt.

Det gjekk gjetord om storstova i Nedrevåge. Søre stova var den største i Tysnes. Huset står i mest uforandra stand i dag.

Ola T. Nedrevåge sette også opp fleire buer og sjøhus nede ved sjøen. Den store og lange «Longabuo» vart truleg bygd i 3 bolkar.

Notahuset vart rive på 1940-talet. Det kan ha vore det notahuset som far og farbror til Ola Nedrevåge åtte i lag kring 1800.

I «Saltebuo» dreiv gamle «Neravågen» med sildesalting. □

«Saltebuo» og «Longabuo» – den siste utvida og påbygd to gonger.

